



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd tysdag 29. januar 2019

Møtestad: Bore kyrjekontor

Frå saksnummer: 1/19

Til saksnummer: 6/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Dagfinn Steinnes (varamedlem)

Borghild Friestad (varamedlem)

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Kjell Børge Tjemsland, prost og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie og Kjersti M. Berge

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 29. januar vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 11. desember vart godkjend.

SAK 1/19**Prosten kjem på besøk****Drøfting**

Kjell Børge starta med å takka alle i soknerådet for innsatsen og engasjementet i menighetsarbeidet. Han delte ut og snakka litt om visjonsdokument for den norske kyrkja: «Meir himmel på jorda». Dette kan tena til inspirasjon for menighetane, men legg vekt på at lokal plan er viktigast.

Vidare oppmodar han oss til å utfordra ungdomen til teneste. Me må støtta og oppmuntra og utfordra dei unge medarbeidarane. Flott at me sende representasjon til Ungdomstinget! Vidare oppmoder han oss til å spandera leiarkurs for ungdomen.

Bore arbeider godt med gjevartenesta. Det er viktig å ha tilstrekkeleg stabsressursar, ein del også dekkja gjennom gjevartenesta. Men: tilsette kan aldri erstatta det frivillige engasjementet.

Korleis skal kyrkja ta i mot homofilt samlevande i forskjellige høve? Kjell Børge ber oss tenkja gjennom og bevisstgjera oss på dette.

Kjell Børge er glad for å høyra at det er openheit for samarbeid med dei andre forsamlingane i Bore om Lovsangskveldar og liknande arrangement. Fellesskap bidreg til velsignelsar. Einskap gir stor kraft. Det er viktig å gje folk fridom til å velja andre menigheter/forsamlingar, men visa dei at dei alltid er velkomne tilbake. Trua frelsar, ikkje meiningane.

Misjonalt engasjement er berande for verksemd vår: me må leda alle inn til det me er døypte til. Me må ut og sjå andre, bruka moglegheitene til å koma i kontakt med andre folk. Sjølv meiner Kjell Børge at det er ein styrke å visa at ein er stolt over Kristus. Han tenkjer at det kviler ein visjonsvimpel over seg sjølv og prostiet: Di stoltare over Jesus, jo rausare med andre.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 2/19**Samtale om arbeidet: Komitèarbeid og ekteskapskurs**

Drøfting

Soknerådet meiner at det er viktig at dei forskjellige komitèar og grupper rekrutterer sjølv. Soknerådet gir mandat og tillit til å få inn nye. Ivan har vore trådtrekkjar og kalla inn til mange møte. Det blir naturleg framover for ein del grupper å ta ansvar sjølv.

Forbønstenesta er nå samansett av 6 personar som har valgt ein leiar. Dei held fram utan Ivan tilstades. Dette er ei robust gruppe som blir brukt i stor grad på G2 og vil brukast på andre område etter behov og kapasitet. Dei må bli kjende for menigheten slik at alle lett kan ta kontakt. Forbønstenesta blir innsett i ei G2 gudsteneste med ei forbønshandling. Vidare kan ein tenkja seg ei informasjonsbrosjyre om forbønstenesta. Det er viktig at forbønstenesta blir benytta.

Husfellesskapsgruppene bør bli kalt inn jamnleg og leia av Ivan.

G2-komitèen kan med fordel organisera seg på ein annan måte. Ein kan leggja planar for semesteret og heller la soknerådet evaluera. Tema har i det siste blitt til på strategisamlinga i januar, dermed blir det ikkje så viktig å samlast i komitè. Ei av dei viktigaste oppgåvene, er å koma saman for å be for G2-gudstenesta. Viktig at dei frivillige blir deltakarar og ikkje tilskodarar. Bjørn har vore ein musikalsk link til lovsangsgruppa. Dei øver på onsdagane og gir Ivan musikklista. Songvalg blir justert etter tema. Slik det fungerer nå for tida, er det lagt ein god mal for korleis desse gudstenestene skal føregå. Ivan treng input til tema og eventuelt nye element frå soknerådet. Dette kan løysast utan ein komitè.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak

Soknerådet evaluerer G2-gudstenestene og korleis komitèarbeidet best kan fungera på neste møte 19. februar. Komitèen vil då bli invitert.

Soknerådet er positiv til å støtta arbeid med ekteskapsskurs. Nicolai tek saka vidare.

SAK 3 /19**Valkurs i prostia****Drøfting****Forslag til vedtak**

Bore sokneråd stiller med x stk. Dagleg leiar melder på innan 31. januar 2019.

Vedtak

Bore sokneråd stiller med 6 stk. Dagleg leiar melder på innan 31. januar 2019. Oppmøte på kyrjekontoret seinast halv seks. Me køyrer i lag.

SAK 4/19 Reviderte datoar SR våren 2019

Drøfting	19.mars var ein dårleg dag for mange, onsdag 20. mars passa betre.
Forslag til vedtak	Reviderte datoar for soknerådsmøta våren 2019 blir: 19. februar, 19. mars, 9. april, 14. mai og 11. juni
Vedtak	Reviderte datoar for soknerådsmøta våren 2019 blir: 19. februar, 20. mars, 9. april, 14. mai og 11. juni

SAK 5/19 Nytt medlem til komitè for Nabobønn

Drøfting	
Forslag til vedtak	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
Vedtak	Dagleg leiar spør ein ny person.

SAK 6/19 ORIENTERINGSSAKER

Drøfting	Orienteringssakene blei lagt fram.
Forslag til vedtak	
Vedtak	Soknerådet tar saka til orientering

Eventuelt:

Lovsongskveld (Nåde puls) får tilgang til å administrera Facebooksida til Bore kyrkje ved at Kristine Tveranger Stokka får rolle som moderator. Dagleg leiar gir denne tilgangen. Ved budsjettrevidering, bør det leggjast inn ein sum til pynting.